



# VESTNES KOMMUNE

## Administrasjonssjefen

Høyringsinstansar

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
26.11.2019		19236/2019	2018/397	Paul Magne Eidhammer 71 18 40 91

### Høyring - Sak 91/2019 - Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur

Administrasjonssjefen viser til formannskapet si innstilling i sak 91/2019 og sender med dette saka ut på høyring.

Formannskapet si innstilling:

1. Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2020/2021. Elevane blir flytta til Helland skule frå skulestart, skuleåret 2020/2021. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
2. Fiksdal oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2021/2022. Elevane blir flytta til Tomrefjord skule frå skulestart, skuleåret 2021/2022. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
3. Ungdomsskulen på Helland blir renoverert og samanbygd med Helland barneskule. Ungdomsskulen skal nyttast som felles ungdomsskule for heile kommunen, skal ha eigen administrasjon og såleis vere administrativt skilt frå barnetrinnet.
4. Helland skule skal nytte Tresfjord skule i rehabiliteringsfasen av ungdomsskulen. Elevane ved Helland ungdomsskule flyttar til Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) frå skuleåret 2020/2021.
5. Administrasjonssjefen får fullmakt til å starte arbeidet med forprosjekt og engasjere prosjektleiar/firma til å bistå med dette. Byggeprosjektet skal gjennomførast som ei samspelentreprise.
6. Tomrefjord skule skal renoverast. Arbeidet kan ta til når felles ungdomsskule er etablert og elevane er overførte dit.
7. Administrasjonssjefen skal utgreie lokale for Vestnes kulturskule i resterande bygningsmasse etter at Vestnes sjukeheim er riven. Undervisninga ved kulturskulen skal i størst mogeleg grad desentraliserast. Planar og kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.

---

<b>Postadresse:</b> Brugata 10 6390 Vestnes <a href="http://www.vestnes.kommune.no">www.vestnes.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 71 18 40 00	<b>Telefaks:</b> 71 18 40 01	<b>Org.nr.</b> 939 901 965
			<b>E-post:</b> <a href="mailto:postmottak@vestnes.kommune.no">postmottak@vestnes.kommune.no</a>

## **Informasjon knytt til aktuelle retningslinjer og lovverk**

Vi viser til rundskriv Udir-2-2012 – «Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser». Rundskrivet gir retningslinjer for god saksbehandling i saker som gjeld endring av skulekrinsar/skulestruktur.

Administrasjonssjefen viser til opplæringslova § 8-1, 1. ledd, første og andre punktum.

### **§ 8-1 Skolen**

**«Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.»**

Det er ikkje heimla reglar verken i opplæringslova eller i andre lovar, knytt til endringar av skulekrinsar/skulestruktur. Det er innanfor den kommunale handlefridomen å fastsetje skulekrinsar/skulestrukturen i kommunen.

I saker som gjelder barn blir det vist til barnekonvensjonen artikkel 3 nr 1.

**«Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.»**

Dette perspektivet skal takast omsyn til ved behandling av saker der barn blir påverka av vedtaket. Dette gjeld også for saker som omhandlar endring av skulekrinsar/ skulenedleggingar. Endring av skulekrinsar/skulestruktur er etter forvaltningslova ei forskriftsendring. Det er eit viktig forvaltningsrettsleg prinsipp at dei som blir påverka av ei forskriftsendring får anledning til å uttale seg før det blir gjort vedtak i saka, jf. § 37 i forvaltningslova. Saka må då vere tilstrekkeleg opplyst og i samband med dette er retten til innsyn i aktuelle offentlege dokument viktig, jf. offentlighetsloven § 3.

## **Høyringsinstansar**

Dette er ei opa høyring slik at det er mogleg for alle som måtte ønskje det å kome med innspel i saka.

Administrasjonssjefen ser likevel desse som dei mest aktuelle høyringsinstansane:

- Foreldreutvalet/Samarbeidsutvalet ved dei aktuelle skulane
- Skulemiljøutvalet
- Elevråd/Ungdomsrådet
- Fagforeiningane til dei tilsette
- Lag og organisasjonar som har interesse i saka
- Samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal Fylkeskommune

## **Vedlegg til høyringsbrevet**

Høyringsbrevet og sak «91/2019 - Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur» blir lagt ut på Vestnes kommune sine heimesider. Det blir i tillegg lagt ut eit eksemplar i Servicekontoret.

Administrasjonssjefen viser elles til vedtaket i sak «4/2019 – Rapport frå skuleutvalet», som var til behandling i kommunestyret i januar 2019. Skuleutvalet sin rapport vart lagt ut på høyring

med h yringsfrist 3. mars. H yringsinnspela vart summert opp i sak 21/2019 og vart behandla av kommunestyret i mars 2019.

Skuleutvalet sin rapport og andre dokument i denne h yringa er relevante i forhold til saka som no er ute til h yring. Nedanfor er ei lenke til Vestnes kommune sine heimesider der de finn h yringsbrevet og alle relevante dokument knytt til h yringa i mars 2019:

<https://www.vestnes.kommune.no/aktuelt/hoyring-skuleutvalet-sin-rapport-knytt-til-ny-skulestruktur.5249.aspx>

## **H yringsfrist og innsending av h yringssvar**

### **Frist er sett til 11. desember 2019**

H yringssvara skal sendast til administrasjonssjefen i Vestnes kommune; gjerne p  e-post: [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no).  
eller per brev til:

Vestnes kommune v/administrasjonssjefen  
Brugata 10  
6390 Vestnes

Innspela vert sende ut til kommunestyrerepresentantane i forkant av m tet 12.12.2019.

Med helsing

Paul Magne Eidhammer  
Kommunalsjef oppvekst